

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
UTBYGGINGS-AVDELINGA

Kontor: Leikanger — Telefon: Leikanger 5311—5315
Postadresse: 5840 Hermansverk

Årdal kommune
Ingeniørkontoret

5875 ÅRDALSTANGEN

Årdal Kommune ingeniørkontoret ÅRDALSTANGEN
Date 17.4.79
Beh. av
Ark. 86

Dykkar ref.

Vår ref.


Dato


637/79 BFR/thm

10.4.79

RAPPORT VEDKOMANDE SKREDFAREN I BUSTADFELT SEIM -
JAMNÅKRE - SEIMSDAL II - ÅRDAL.

Etter avtale sender ein rapport frå synfaringa i Seims-
dal 6.11.78.


Ragnar Høgelid
Plan- og utbyggingssjef


Bjørn Falck Russenes

Vedlegg

Årdal Kommune	
Ingeniørkontoret	
ÅRDAL - LINDEN	
Dato 17.11.78	Sign. F. G.
Beh. av	
Ark. 86	

R A P P O R T

VURDERING AV SKREDFARE FOR BUSTADFELT SEIM/JAMNÅKRE -
SEIMSDAL II - ÅRDAL.

INNLEIING

Etter oppmoding frå Årdal kommune, Ingeniørkontoret vart det 6.11.78 gjort ei synfaring for vurdering av skredfare for planlagd utviding av bustadfeltet i Seimsdalen. Det nye feltet ligg nord om eksisterande bustadfelt og grenser i nord mot Jamnåkre.

Frå kommunen møtte ing. Asbj. Lavik.

GRUNNLAGSMATERIALET

Grunnlaget for rapporten er dei registreringane som blei gjort under synfaringa. Dessutan har ein gjort seg nytte av rapportar som tidlegare er utarbeidd om skredfaren i Seimsdalen. Særleg nytte har ein hatt av Statens Naturskadefonds rapport etter deira synfaring i Seimsdalen 21.5.64. Ein vil likevel merka at skredkartet som er nemnd av Naturskadefondet ikkje har vore tilgjengeleg.

Utover det som her er omtala, har ein nytta flybilete og diverse kartmateriale.

STABILITETSVURDERING

Terrenget ovafor det nye bustadfeltet er tildels skogkledd og stig opp mot Seimsåsen som ligg på kote 8-900 m. Dalsida har om lag den same skråningsvinkel som er registrert lengre sør i dalen, 30-40 .

Fjellgrunnen i området er i hovudsak ein ljøs finkorna granittisk bergart. Oppsprekkingsmønsteret favoriserar danning av kubiske lausblokker. Dominerande stabilitetsreducerande element i dalsida er dei mange vasslaupa som vitnar og flaum og vasskred. På kartbilaget er desse teikna av og gjeve bokstavnemning frå A til J. Utanom Seimsskreda lengst i sør, har det ikkje vore mogleg å finne fram til namna til dei einskilde vasslaupa.

Seimsskreda: Vass- og jordskred. Kjem ned frå Seimsåsen og renn saman med Seimsbekken. Seimsskreda følgde ravinedalen og gjekk heilt ned mot den nye vegen siste gongen i 1906. Seimsskreda er årleg vassførande.

Vasslaup A-B: Mindre vasskred. Kjem ned mot eksisterande busetnad. Normalt er A vassførande, medan B er å rekne som overlaupsdrenering. I kote 185 er det mellom dei to dreneringskanalane bygd opp skredavsetningar som vitnar om eit eller fleire større jordskred. Avsetningane er ikkje datert.

Vasslaup C-D: To dominerande vasskred. Sør for C er det bygd opp ei skredavsetning i kote 165, like ovanfor gardshusa som er nemnd under A-B. Avsetningen er ikkje datert.

Vasslaup E-F: Mindre bekkefar. Normalt tørre laup. Indikasjonar på tørrsnøskred langsmed F ned mot kote 190.

Vasslaup G-H-I: Dei tre vasslaupa renn saman i eit laup inne i bustadfeltet. Med mellomrom må ein rekne med vass- og jordskred.

Vasslaup J: Hovudbekken på grensa mot Jæmnåkre. Til tider stor vassføring. Vass- og jordskred må påreknast.

I terrenget er det utanom ved F, ikkje mogleg direkte å vise til spor etter snøskred. Spor etter gamle snøskred er viska bort av vegetasjonen. I snørike vintrar med mykje vestaver, må ein rekne med snøskred nedetter den vestlege dalsida i Seimsdalen. Eventuelle snøskred i området vil truleg ikkje nå ned mot det nye bustadfeltet. Slike skred vil iallefall følge dei same traséane som vass- og jordskreda.

SIKRINGSTILTAK

I sør kjem delar av det planlagde bustadfeltet inn i traséen for Seimsskreda. Ein vil ikkje rå til at denne delen av dalsida vert nytta til bustadføremål. Tomtene 1 til 5 bør difor gå ut. Minste byggefråstand til Seimsskreda bør her vera ca. 10 m.

Utover dette, er det dei mange vasslaupa som representerer den største stabilitetsrisikoen i området. Det bør sytast for at mogleg flaumvatn vert fanga opp og drenert gjennom eller utanom bustadfeltet utan skadeverknader.

Den planen for bustadfeltet som ligg føre, viser at fleire av bustadene er plassert på tvers av eller i kanten av aktive vasslaup. Dei øvste tomtene dette gjeld bør ikkje nyttast til bustadføremål. Dette er tomtene 6, 7, 8 og 9. Nokre av tomtene er dessutan truga av snøskred. Ein vil utfrå dette ikkje rå til at området ovanfor kote 190 i nordre del av bustadfeltet vert nytta til bustadbygging. Ei øvre byggegrense er teikna inn på kartet.


Flaumtruga er dessutan tomtene 10, 11 og 12. Tomtene som her er nemnt bør justerast slik at bustadene kan plasserast utanom sjølve bekkefareet.

KONKLUSJON

Ein rår til at tomtene som ligg innafor traséen til Seimsskreda ikkje vert nytta. Det same gjeld tomtene ovanfor kote 190 i nordre del av feltet. Dersom det skulle visa seg naudsynt, vil det då vera mogleg å etablera tilfredsstillande sikringstiltak, ovanfor bustadfeltet.

Nokre tomter bør justerast, slik at busetnaden ligg trygt for flaum i periodar med stor nedbørmengde. Ved effektiv kanalisering av overflatevatn, vil desse tiltaka ikkje vera turvande.

Leikanger, 11. april 1979


Bjørn Falck Russenes
fylkesgeolog

Vedlegg